



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport frå forvaltningskontroll i Sauda kommune 27.05.2014

Kontrolleiar: Geir Helge Rygg

Innhaldsliste

| | |
|--|----|
| 1. Samandrag..... | 3 |
| 2. Innleiing | 4 |
| 3. Bakgrunn for kontrollen..... | 4 |
| 4. Heimel for kontrollen..... | 4 |
| 5. Opplysningar om gjennomført kontroll | 5 |
| 5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen..... | 5 |
| 5.2. Møte, intervju og dokumentgjennomgang..... | 5 |
| 5.3. Tema for forvaltningskontrollen | 6 |
| 6. Funn | 7 |
| 6.1. Definisjonar..... | 7 |
| 6.2. Tema 1 – Skogbruksforvaltning | 7 |
| 6.3. Tema 2 - Sakshandsamingsrutinar | 11 |
| 6.4. Tema 3 – Risikovurderinger ved føretakskontroll | 11 |
| 6.5. Tema 4 - Gardskartprosessen | 12 |
| 6.6. Tema 5 – Miljøplan..... | 13 |
| 6.7. Tema 6 - spreieareal..... | 13 |
| 6.8. Tema 7 - reaksjonar ved avvik | 14 |
| 6.9. Tema 8 – SMIL- ordninga og drenering | 14 |
| 6.10. Generelt | 14 |
| 7. Oppfølging etter kontrollen | 15 |
| 8. Vedlegg | 15 |
| 8.1. Vedlegg 1. Oversikt over gjennomgått dokumentasjon | 15 |
| 8.2. Vedlegg 2. Søknader med trøng for avklaring (unntatt offentlegheit)..... | 16 |

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Sauda kommune 27.05.2014. Tema for forvaltningskontrollen var kommunen si handsaming av ordninga med produksjonstilskot, avløysartilskot, SMIL-ordninga og skogbruksforvaltning.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknader:

Avvik:

- **Avvik 1:** Foryngingsplikta er ikke følgt opp i samsvar med regelverket.
- **Avvik 2:** Krav om byggjeplan som kommunen skal godkjenne manglar.
- **Avvik 3:** Kommunen har ikke vurdert tilbakebetaling for karensareal.
- **Avvik 4:** Kommunen har ført opp dyr og areal på søknadsskjema der søkeren sjølv ikke har ført det opp i søknaden.

Merknader:

- **Merknad 1:** Kommunen manglar strategi for «Nærings- og miljøtiltak i skogbruket».
- **Merknad 2:** Generelt lite skriftleg dokumentasjon på korleis foryngingsplikta etter hogst blir følgt opp.
- **Merknad 3:** Dokumentasjon på arbeid utført av skogeigar er mangelfull.
- **Merknad 4:** Søknader om produksjonstilskot er blitt endra/retta utan å skrive i merknadsfeltet.
- **Merknad 5:** Manglande rutinebeskriving av korleis uttrekket blir gjort i samband med 5 %-kontrollen.
- **Merknad 6:** Lite risikovurdering i utplukket til 5 %-kontrollen
- **Merknad 7:** Kommunen har hatt like fokus på kvaliteten på miljøplanane ved kontroll.
- **Merknad 8:** Kommunen sjekkar ikke om det ligg føre skriftlege avtalar om spreieareal eller leveranse av gjødsel.
- **Merknad 9:** Kommunen manglar strategi for bruk av SMIL-midlane.

I rapporten blir gjennomføring av sjølve kontrollen og nærmere beskriving av avvik og merknader gjennomgått.

2. Innleiing

Vi viser til varsel om kontroll datert 06.05.2014, og påfølgjande gjennomføring av kontroll 27.05.2014. Tema for kontrollen var kommunen si forvaltning av produksjonstilskot og avløysartilskot, skogbruksforvaltninga og SMIL-ordninga. På sjølve kontrollen gjekk vi gjennom funna på sluttmøtet. Denne rapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen. I tillegg kjem eventuelle opplysningar kring sjølve kontrollen

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk. FM sin kontroll av Sauda kommune inngår i dette arbeidet.

Hovudtema for forvaltningskontrollen i Sauda kommune var kommunen si forvaltning av ordninga med produksjonstilskot i jordbruket (PT). I tillegg var skogbruksforvaltning og SMIL-ordninga tema for forvaltningskontrollen.

Føremålet med forvaltningskontrollen var å kontrollere om kommunen følgjer dei instruksjonane som er gitt i forskrift og rundskriv om forvaltning av dei ulike ordningane.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

"Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Lov 27.05.2005 nr. 31 om skogbruk (skoglova)
- Lov av 19.06.2009 Naturmangfoldloven
- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket
- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mm. av organisk opphav

- Forskrift 15.01.2003 nr. 54 om miljøplan
- Forskrift 04.02.2004 nr. 448 om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruksavtalen
- Forskrift 25.06.2013 nr. 769 om tilskudd til drenering av jordbruksjord
- Forskrift 06.07.2006 nr. 593 om berekraftig skogbruk
- Jordbruksavtalen 2013-2014 og Teknisk jordbruksavtale 2012-2013
- Forskrift av 20.12.1996 om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål
- Forskrift av 07.06.2006 om berekraftig skogbruk
- Forskrift av 03.07.2006 om skogfond o.a.
- Forskrift av 04.02.2004 om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Rundskriv 28/13 og 13/1-2 frå Statens Landbruksforvaltning (SLF)

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen

| | |
|-------------------------------------|--------------------------|
| Dato for kontroll: 27.05.2014 | Journalnummer: 2014/5087 |
| Dato for førre kontroll: 03.02.2011 | Journalnummer: 2011/137 |

Kontrollert verksemd

| | |
|--|--------------------------------------|
| Kommune: Sauda | E-post : postmottak@sauda.kommune.no |
| Besøksadresse: Rådhuset, p.b 44, 4201 Sauda | Telefon: 52786200 |

Til stades frå kommunen

| Namn | Funksjon | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|------------------|--------------|-------------|----------|-----------|
| Bernt Schibevaag | rådgjevar | x | x | x |
| Ørjan Djuv | plansjef | x | x | x |
| Andreas Fløgstad | ass. rådmann | x | | x |

Til stades frå FM

| Namn | Funksjon | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|-----------------|------------------------|-------------|----------|-----------|
| Geir Helge Rygg | kontrolleiar | x | x | x |
| Geir Skadberg | ass. landbruksdirektør | x | x | x |
| Stein Bomo | fylkesskogmeister | x | x | x |
| Sissel Endresen | seniorrådgivar | x | x | x |

5.2. Møte, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der ass. landbruksdirektør Geir Skadberg informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i

gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema. Geir Helge Rygg leia sjølve kontrollen med intervju, Stein Bomo var medkontrollør for ordningar under skogbruksforvaltninga medan Sissel C. Endresen var medkontrollør og skrivar. For nokre av tema blei intervjuet supplert med spørsmål knytt til søknader frå føretak. Funn blei gjennomgått under sluttmøte.

5.3. Tema for forvaltningskontrollen

Tabellen under viser kva tema som blei gjennomgått under kontrollen.

| Nr. | Tema | Ønskjer svar på |
|-----|------------------------|--|
| 1 | Skogbruksforvaltning | Spørsmål i samband med forvaltning av ordningane med tilskot til skogsvegar og taubane, tilskot til skogkultur og oppfølging av foryngingsplikta. |
| 2 | Sakshandsamingsrutinar | Kommunen sine rutinar for handsaming av søknader fram til godkjenning. Kva blir kontrollert og korleis blir søknadene gjennomgått fram mot godkjenning? Kva rutinar har kommunen for manuelle utbetalingar av produksjonstilskot? Kva blir lagt til grunn når kommunen gjer rettingar i søknader? |
| 3 | Risikovurderingar | Kva rutinar har kommunen rundt utplukk av føretak til stikkprøvekontroll? Blir det gjort eit uttrekk basert på risiko, og i så fall; korleis? |
| 4 | Gardskart | Sauda har nyleg vore gjennom gardskartprosess, korleis har gjennomføring av prosessen vore og kva rutinar har kommunen for oppdatering av karta? |
| 5 | Miljøplan | Kva rutinar har kommunen ved kontroll av miljøplan for å sikre at desse er gode nok ut frå dei krava som er? |
| 6 | Spreieareal | Kva rutinar har kommunen for å kontrollere om føretaka som søker produksjonstilskot har nok spreieareal for husdyrgjødsel og korleis følgjer kommunen opp saker der søker har for lite spreieareal? |
| 7 | Reaksjonar ved avvik | Korleis handsamar kommunen søknader om produksjonstilskot der det blir oppdaga feil i søknaden som ville ført til for høg utbetaling, eller der kommunen kjenner til at søker har brote regelverk om jordbruksverksem? Kva vurderingar blir gjort i slike tilfelle, og blir det avkorta i tilskotet? |
| 8 | SMIL og drenering | Kva rutinar har kommunen for å ha oversikt over sakene, og korleis sikrar kommunen at vilkår for tilskot blir følgt? |

6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknader som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1. Definisjonar

Funn blir delt opp i merknader og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er naudsynt å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2. Tema 1 – Skogbruksforvaltning

1. Generelt om kva kommunen aktivt gjer for å styrke dei langsiktige investeringane til oppbygging og skjøtsel av ny skog i tråd med nasjonale og regionale mål på området Regelverket

Kommunane skal på ein lokaltilpassa måte følgje opp nasjonale og regionale målsettingar. Slike målsettingar er nedfelt nasjonalt både i meldingar til Stortinget, i lovar, forskrifter og andre retningslinjer. Regionalt er dei nasjonale målsettingane gjerne tilpassa og utdjupa gjennom regionalplanar, handlingsplanar og andre, gjerne årlege retningslinjer.

Oppbygging og skjøtsel av ny skog er eit tema det er sett klare mål for, både nasjonalt og regionalt. Det er også gitt retningslinjer om at kommunane skal ha fireårige strategiar for bruk av midlar til nærings- og miljøinvesteringar i skogbruket (NMSK), jf. «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» .

Utdrag § 3; «Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Fylkesmannen, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket lokalt».

Vurdering

Sauda kommune har over 70 000 daa produktiv skog. Det er isolert sett svært gode forhold for intensiv kvalitetsproduksjon/skogproduksjon med over 85 % av det produktive skogarealet med høg eller super bonitet (tal AR5). Terrenget er krevjande og set avgrensingar for økonomisk og rasjonell drift på delar av arealet. Det er likevel eit relativt stort potensiale for å auke verdiskapinga og CO₂-bindinga vesentleg på store delar av skogarealet gjennom oppbygging av meir kvalitetsskog og skjøtsel av skog.

Oppfølgingsarbeid av hogstar og skogkultur blir delvis følgt opp gjennom direkte kontakt med skogeigarane. Det er lite skriftleg dokumentasjon på det arbeidet som blir gjort utover at det blir kommunisert en del gjennom skogdagar, skogeigarlagsmøte og e-post.

Kommunen driv i liten grad mobiliseringsarbeid mot skogeigarane. Det blir blant anna peika på at det er avgrensa med tid og ressursar til slikt arbeid.

I forvaltinga av dei økonomiske verkemidla, kalla Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), skal kommunen ha utarbeida fireårige strategiar. Kommunen har per dato ingen strategiplan for tilskotsordningane under NMSK, eller tilsvarende plan for bruken av desse tilskotsmidla.

Resultatet er at kommunen per i dag ikkje har ein synleg strategi for produksjon og bruk av skogressursane i kommunen, eller ut mot målgruppa/skogeigarane .

Oppsummert

Det er eit potensiale for å auke både verdiskaping og CO₂-binding i tråd med nasjonale og regionale målsettingar.

”Skogsatsinga” er ikkje synleg i kommunale føringer/planar, der det manglar konkrete mål og tiltak på korleis ein vil vidareutvikla skogen i Sauda, med tanke på både auka verdiskapinga og CO₂-binding.

Merknad

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 1: Kommunen manglar strategi for «Nærings- og miljøtiltak i skogbruket»*

2. Oppfølging av foryngingsplikta – planting etter hogst

Om regelverket:

Oppfølging av foryngingsplikta er heimla i Skogbrukslova §§ 6 og 20 og tilhøyrande forskrift om berekraftig skogbruk, kapitel 3, §§ 6,7, 8 og 15. Planting etter hogst skal vere gjennomført innan 3 år. Fristen kan etter søknad forlengast til maksimalt til 5 år. Det same gjeld eventuell omdisponering til innmark. Kommunen skal føre tilsyn med at reglane i lova blir haldne.

Vurdering:

Det går fram av offisiell statistikk for Sauda at medan hogsten har tatt seg opp, har foryngingsarealet gått ned. Tala for dei siste 7 åra viser at om lag 1/3 av barskogarealet blir forynga etter hogst. Det er difor på det reine at ein del hogstflater ikkje er forynga. Ein del av differansen kan forklarast ved at noko er omdisponert til innmarksareal.

Det blei plukka ut to hogstar frå 2010 og 2011 for nærmare kontroll. På den eine hogsten –

gnr. xx, bnr. x, er det sendt ut brev til skogeigar (2013) for å få inn tilbakemelding på foryngingstiltak. I tilbakemeldinga frå skogeigar er det sagt at arealet (10 daa) skal omdisponerast til innmarksbeite. Kommunen har loggført på tilbakemeldingsskjemaet at arealet allereie er godkjent til innmarksbeite, den 06.12.2013. Det betyr at kartet AR5 skal oppdaterast med endring av status frå skogareal til innmarksareal. Per dato ligg fortsatt arealet inne som skogareal, der foryngingsplikta fortsatt gjeld. Ein vil heller ikkje kunne få arealtiskot til innmarksbeite utan at kartgrunnlaget er oppdatert. Vi kan heller ikkje sjå at Fylkesmannens sine retningsliner for omdisponering av skogareal til jordbruksformål er tekne i bruk.

For den andre hogsten - gnr. xx, bnr. x, er det ikkje gjort oppfølgingstiltak. Vi kan heller ikkje sjå at retningslinjene frå SLF og Fylkesmannen vedrørande ei formell skriftleg oppfølging av foryngingsplikta er tekne i bruk.

Kommunen har i liten grad etablert skriftlege rutinar for oppfølging av foryngingsplikta. Generelt blir oppfølging og tilbakemeldingar frå skogeigarar i liten grad loggført. Kommunen har difor vanskar med å kunne dokumentere oppfølginga av foryngingsplikta

Oppsummert

Kommunen følgjer ikkje opp foryngingsplikta i tråd med krava i regleverket. Det er ikkje etablert rutinar for oppfølging av foryngingsplikta. Oppfølging og tilbakemelding frå skogeigarar blir i liten grad dokumentert. Retningslinjer frå Statens landbruksforvaltning og Fylkesmannen for formell skriftleg oppfølging av foryngingsplikta er i liten grad tekne i bruk. ”Retningsliner for omdisponering av skog til jordbruksformål” for praktisk oppfølging er ikkje tekne i bruk.

Avvik

På bakgrunn av konkrete saker og vurderingane ovanfor har vi funne følgjande avvik:

- Avvik 1: Foryngingsplikta er ikkje følgt opp i samsvar med regleverket

Merknad

I tillegg har vi følgjande merknad:

- Merknad 2: Generelt lite skriftleg dokumentasjon på korleis foryngingsplikta etter hogst blir følgt opp.

3. Tilskotsforvaltning av skogkultur og skogsvegar

Om regleverket

”Forskrift om skogfond o.a.”, jf. §§12 og 17, der det går fram at alle krav om utbetaling skal vere tilstrekkeleg dokumentert og kommunen skal i naudsynt omfang kontrollere

gjennomførte investeringar og utførte tiltak før utbetaling. Dette gjeld også i forhold til ”*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*”, jf § 12.

Krav til byggjeplan går fram av tilskotsforskrifta § 5; «*Før anleggsarbeidet settes i gang skal det foreligge en byggeplan som kommunen har godkjent*»

Vurdering

I kostnadsvurderinga av dei ordinære skogkulturtiltaka er ”Kostnadsgrenser for skogkulturtiltak” utarbeidd av Fylkesmannen i samarbeid med kommunane, brukt som rettesnor for vurderinga av skogkulturfondene. Kommunen har nødvendig dokumentasjon på kostnadsgrunnlaget for utbetaling av både tilskot og skogfond til planting og skogsvegar. Formelle krav om underskrift på søknad om tilskot frå skogeigar er i orden.

For tilskot til ungskogpleie er dokumentasjon på arbeid utført av skogeigar mangelfull. Det er ikkje tilstrekkeleg at det berre står utført ungskogpleie på 16 daa med underskrift frå skogeigar. Ein bør minimum kunne leggje med ein oversikt som viser tidsbruken og ein rimeleg timesats. Dette gjeld alle tiltak der kostnadene vil variere ganske mykje, avhengig av korleis felta ser ut.

I samband med tilskot til skogsvegar er det krav om at før anleggsarbeidet kan setjast i gang skal det føreliggje ein byggjeplan som kommunen har godkjent. Godkjent byggjeplan manglar for skogsvegen Høgåsvegen. I tillegg til det som blei avdekt på kontrollen, viser vi også til 2 tidlegare saker om tilskot til skogsvegar der byggjeplan manglar.

Oppsummert

Kommunen har nødvendig dokumentasjon på kostnadsgrunnlaget for tilskot og bruk av skogfond på plass, med unntak av dokumentasjon på arbeid utført av skogeigaren.

Krav om byggjeplan som kommunen har godkjent i forhold til tilskot skogsvegar manglar i 3 av 3 saker.

Avvik

På bakgrunn av tidlegare konkrete saker og vurderingane ovanfor har vi funne følgjande avvik:

- Avvik 2: Krav om byggjeplan som kommunen skal godkjenne manglar.

Merknad

I tillegg har vi følgjande merknad:

- Merknad 3: Dokumentasjon på arbeid utført av skogeigar er mangelfull.

6.3. Tema 2 - Sakshandsamingsrutinar

Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjende fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader.

Vurdering

Kommunen stemplar alle søknader og dei blir registrert i kommunen sitt saksbehandlings-system Websak. Saksbehandlar går gjennom søknadene og sjekkar areal og gardskart.

Fylkesmannen viste til ein søknad der kommunen har ført opp økologisk areal sjølv om søkeren ikkje hadde ført det opp som økologisk. Arealet er godkjent som økologisk av Debio. Kommunen har ikkje dokumentert endringa eller skrive noko i merknadsfeltet om dette. Saksbehandlar meiner å ha vore i kontakt med søkeren på telefon før endring. Det er krav om økologisk drift i minst 3 år etter omlegging. Kommunen har ikkje vurdert krav om tilbakebetaling.

Fylkesmannen viste til ein søknad der kommunen har ført opp dyr på utmarksbeite utan at søkeren har ført dei opp i søknaden. Kommunen kjenner til brukaren og har vore i kontakt med søkeren. Fylkesmannen meiner dette er feil praksis. Bonden må gjerast ansvarleg og kommunen må ta kontakt og be søkeren sende inn e-post eller på annan måte stadfeste at dei søker på dette.

Kommunen endrar søknader frå føretak ved å føre opp dyr og areal i tilfelle der dei meiner at søkeren har gløymt å føre på. Kommunen rettar søknadene utan å skrive merknad eller dokumentere på annan måte.

Avvik:

På bakgrunn av vurderingane har vi følgjande avvik:

- Avvik 3: Kommunen har ikkje vurdert tilbakebetaling for karensareal.
- Avvik 4: Kommunen har ført opp dyr og areal på søknadsskjema der søkeren sjølv ikkje har ført det opp i søknaden

Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 4. Søknader om produksjonstilskot er blitt endra/retta utan at det er ført opp kommentar(ar) i merknadsfeltet.

6.4. Tema 3 – Risikovurderingar ved føretakskontroll

Om regelverket:

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 5 i rundskriv 13/1-2 frå SLF. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stikkprøvekontrollen. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

Vurdering

Kommunen har skriftlege rutinar for korleis sjølve stikkprøvekontrollen skal gjennomførast. Ved siste søknadsomgang prioriterte kommunen å kontrollere 3 naboar, og grunngjevinga for å plukke ut desse tre var at det var lenge sidan nokon var kontrollerte i dette området.

Kommunen har tidlegare sett på krav til omsetning og miljøplan og det blei og opplyst at dei hadde fokus på dyrevelferd. Fylkesmannen meiner det er lite konkret risikovurdering ved utplukket. Det er ikkje noko skriftleg dokumentasjon på risikovurderinga som kommunen har lagt vekt på for kvar søknadsomgang.

Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 5: Manglande rutinebeskriving av korleis uttrekket blir gjort i samband med 5 %-kontrollen.*
- *Merknad 6: Lite risikovurdering i utplukket til 5 %-kontrollen*

6.5. Tema 4 - Gardskartprosessen

Om regelverket:

Gardskarta fungerer som eit kontrollgrunnlag, for å sjå om arealtal oppgitt i søknad om produksjonstilskot er korrekte. Det er difor viktig at gardskarta er oppdaterte, og at kommunen legg inn endringar i karta når slike endringar ligg føre.

Vurdering:

Sauda kommune har nyleg hatt ein prosess med oppdatering av gardskart. Kommunen har sendt ut kart til alle og bedt om tilbakemelding på feil. Det blei meldt tilbake om mange feil. Folk frå kommunen har reist rundt og kontrollert og lagt inn oppdaterte opplysningar. Våren 2013 var det klart. Det var framleis mykje feil ved søknadsomgangen august 2013.

Kommunen held fram med å rette opp feil før denne søknadsomgangen. Brukarane melder frå til kommunen dersom det skal registrerast meir areal. Kommunen kontrollerer og registrerer justeringane. Oppmålingsavdelinga i kommunen skal følgje opp. Fylkesmannen presiserte at det skal være skriftleg dokumentasjon ved endringar i arealet. Skog og landskap skal også varslast.

Merknad/avvik:

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.6. Tema 5 – Miljøplan

Om regelverket

Alle føretak som får produksjonstilskot i jordbruket skal ha miljøplan trinn 1 (gjeld ikkje føretak som berre får tilskot til honningproduksjon), jf. forskrift om miljøplan. Viss føretaket ikkje har miljøplan trinn 1, eller miljøplanen har manglar, skal dei ha reduksjon i tilskotet. Satsane er standardiserte og blir sett i jordbruksoppgjernet.

Vurdering

Kommunen kontrollerer miljøplan ved stikkprøvekontrollane. Kommunen opplyste at dei no har begynt å kontrollere dette mykje grundigare etter eit møte som Fylkesmannen hadde om miljøplan. Rutinen er no at kommunen sjekkar at alt er på plass ut frå krava om miljøplan, og dersom det er noko som manglar får søkeren høve til å rette opp dette. Kommunen har sendt ut informasjon til bøndene om kva reglar som gjeld for miljøplan saman med sjekklista. Det er ein søker i kommunen som har fått trekk for manglande miljøplan.

Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 7: Kommunen har hatt like fokus på kvaliteten på miljøplanane ved kontroll*

6.7. Tema 6 – spreieareal

Om regelverket:

Produsentar med husdyr skal ha tilstrekkeleg disponibelt areal for spreieing av husdyrgjødsel, jf. § 24 i gjødselvareforskrifta. Vidare er det ikkje lov å spreie gjødsel på frossen mark, jf. § 23 i gjødselvareforskrifta. Det er kommunen som skal føre tilsyn med at kravet til spreieareal og spreietidspunkt blir etterlevd, jf. § 29 i same forskrift. Kommunen har også mynde til å dispensere frå desse krava, jf. § 31 i forskriftena. Ved manglande spreieareal, får føretaket ein reduksjon i produksjonstilskotsutbetalinga, jf. jordbruksavtalen 2013/2014, kap. 7.1.2. For å sikre at føretaka held seg innanfor regelverket om spreieareal og spreietidspunkt, er det viktig med god og målretta kontroll frå kommunen si side.

Vurdering

Kommunen kontrollerer spreieareal ved 5 %-kontrollen, og vil og sjå på dette når gardskarta er oppdaterte. Kommunen bruker «spreiearealkalkulatoren» når spreiearealet skal kontrollerast, og trekker frå dyr på beite og ser på eventuelt beite som er godkjent spreieareal. Sauda kommune sett under eitt har nok spreieareal. Det er kanskje to i kommunen som har for lite spreieareal. Kommunen sjekkar ikkje om det ligg føre skriftlige avtaler for dei som har for lite spreieareal sjølv.

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 8: Kommunen sjekkar ikkje om det ligg føre skriftlege avtalar om spreieareal eller leveranse av gjødsel*

6.8. Tema 7 - reaksjonar ved avvik

Om regelverket:

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på, jf. rundskriv 13/1-2 frå SLF, kap. 9.5. Ei god oppfølging frå kommunen si side her, er viktig for å gjere søkeren meir aktsam og for å førebygge feilutbetalingar og regelverksbrot.

Vurdering

Kommunen har ikkje hatt saker der avkorting er vurdert.

Merknad/avvik:

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.9. Tema 8 – SMIL- ordninga og drenering

Om regelverket

Kommunen skal fastsette overordna retningslinjer for korleis søker om SMIL-midlar skal prioritast. Retningslinjene bør bl.a. innehalde miljøfaglege kriterier, og eventuelle andre kriterier, for prioritering av søkerne. Retningslinjene skal fastsetjast i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonane lokalt.

Vurdering

Kommunen har ikkje ein eigen strategi for bruk og prioritering av SMIL-midlane, men har ein «munnleg» strategi som går ut på å prioritere opent kulturlandskap. Søknadene blir behandla etter kvart som dei kjem inn. Kommunen nyttar ikkje det systemet som Fylkesmannen har utarbeida for rapportering.

Merknad/Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- *Merknad 9: Kommunen manglar strategi for bruk av SMIL-midlane*

6.10. Generelt

Kommunen har lite ressursar avsett til jord- og skogbruksforvaltninga. Totalt er det 0,6 årsverk i kommunen til jord- og skogbruksforvaltning. Ass. rådmann ga uttrykk for at dei vurderte å auke ressursinnsatsen til skogbruksforvaltninga.

7. Oppfølging etter kontrollen

Sauda kommune må innan 22.08.2014 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.

8. Vedlegg

8.1. Vedlegg 1. Oversikt over gjennomgått dokumentasjon

| Nr. | Tema | Stikkord |
|-----|--|--|
| | Generelt | Statens landbruksforvaltning sin tenesteportal for sakshandsamar i landbruksforvaltninga er informasjonsbase for ulike kontrollregistre samt utfyllande informasjon om til dømes alle søknadane om produksjonstilskot. |
| 1 | Skogtema | |
| 2 | Sakshandsamingsrutinar | Inputlister 1001 A,B og C (frå SLF) pr. søknadsomgang 31.07.13 som utgangspunkt for sjekk av sakshandsaminga av eit utplukk av søknadar |
| 3 | Risikovurderinger ved føretakskontroll | - |
| 4 | Gardskart | - |
| 5 | Miljøplan | - |
| 6 | Spreieareal | Datafangst som syner trong for spreieareal på det einskilde føretak |
| 7 | Reaksjonar ved avvik | Liste PT- 4100 (frå SLF) som viser avvik mellom søknadsdata og kontrolldata ved stikkprøvekontrollen |
| 8 | SMIL og dreneringsordninga | Utplukk av to søknadar om SMIL-midar i 2014 |

8.2. Vedlegg 2. Søknader med trong for avklaring (unntatt offentlegheit)

xxxx